

Referat frå leiarmøtet 16. og 17. oktober på Quality Airport hotell Stavanger.

Ole Jonny Espevold, leiar i RSG ønskte velkommen til leiarmøtet på Sola..

Arnhild Skjørestad tok opprop.

22 av 33 lokallag møtte med ein representant.

Lokallaga Forsand, Halsnøy, Jøsenfjord, Klepp, Kvitsøy, Nærbø, Rennesøy og Mosterøy, Sola, Strand, Vats og Årdal møtte ikkje. Av 12 veraringer i fylket var det bare Bjerkreim som ikkje møtte med ein representant.

Orientering av fylkesleiar.

Ole Jonny orienterte fyrst om programmet med nokre små endringar. Nytt punkt Fagmiljø og tenester i sauehaldet. Paneldebatt med Nortura, Fatland, Prima,

NSG og Avlsrådet i NSG.

Deretter takka han Ølen sau og geit for at dei tok på seg NM i saueklipping som vart arrangert i september.

Det var godt oppmøte på møteserien i samband med prosjektet ”Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland” som vart arrangert av Fylkesmannen denne veka. I overkant av 400 menn og kvinner møtte på møta i Aksdal, Suldal, Undheim og Helleland.

RSG har arbeidd ein god del med rovdyrproblematikken dette året også og har fått mange spørsmål angående rovdyr. I jervesaka vart

RSG anmeldt. Ole Jonny og Leif har vore til avhøyr. Etter beitesesongen 2008 har erstatning for rovdyr tap vorte redusert. Neste veke reiser Ole Jonny til Oslo på representantskapsmøte. Han ønskjer å få tilbakemelding dersom nokon ennå ikkje har fått erstatning p.g.a rovdyr tap.

Geitebøndene høyrer me lite til, så det tyder på at dei klarer seg bra.

I haust har me gjennomført vaksineringsprosjektet mot toksoplasmose. Dette året gjekk det greitt, sjølv om noen doser mangla i Time.

I sist veke var Ole Jonny på Sandeid og såg på linjeklipp. Lite stress blant dyra og lite skade på skinnet. Stort sett veldig positivt, men ei utfordring i klippemiljø. I Sandeid slakta dei mykje villsau. Nortura har mottakspått og Fatland slakta ikkje lenger villsau.

Fjell dager neste år vert i Wales, sannsynlegvis overnatting i Cardiff. Pr. i dag er ca. 100 stk. påmelde.

Fylkesleiar be om å få inn forslag før årsmøtet på personar som fortener utmerking. Elles oppfordra han lokallag som ønskjer å bruke folk frå fylkeslaget til å ta kontakt.

Nortura har i mange år halde RSG med sekretær. Den økonomiske situasjonen som dei no er i, har ført til at dei ikkje lenger vil påta seg denne oppgåva.

Medlemstalet er stabilt.

NSG har flytta til Ås og har nytt telefonnr.95096060.

I februar arrangerte RSG eit kurs for unge bønder i Hjelmeland. Kurset var svært populært, så det vert nytt kurs neste år. Dette året vert det i Sogndalsstrand. Program vert stort sett som i Hjelmeland, men her utan regnskapskontor.

Han avslutta med at styret har fungert bra.

Berit Pettersen reiste seg og sa at det ikkje var tilfelle at Fatland ikkje slakta villsaulam.

Kåring

Per Johan Lyse orienterte om kåringane.

Kåringane begynner med dommarsamling hos Guttorm Gudmestad. For å få mest mulig lik dømning var også dommarar frå Vest-Agder og Hordaland med.

Guttorm stilte med dyr, lokale, mat og kaffi.

Kun 3 lam vart kåra på Karmøy på grunn av sjukdomsrestriksjonar. I Hå hadde Leif Matnisdal greitt opplegg. Kåringa i Sauda bar preg av dårleg beite dette året. I Gjesdal hadde enkelte ikkje fått registrert haustvektene, men her var utrolig fine dyr. I Hjelmeland mangla det ein del opplysningar. Per Johan meiner dei bør vurdera å utsetja kåringa til opplysningane er klare. På Moi hadde Knut ordna opp.

Her og i Helleland var det god gjennomføring. I Bjerkreim vart det kåra mange dyr. Litt problem at ikkje kjentmann var med. I Tysvær gjekk kåringa greitt. I Suldal var det fine lam og positive bønder. Her kunne ein sjå marg i mikroskopet, men ikkje i skåla. I Nedstrand var Bondevennen på besøk under kåringa hos Per Johan. Mange lam vart kåra.

I Sandnes hadde dommarane ein lang dag med mange lam til kåring. I Time stilte lokallaget med kjentmann.

Dommarane etterlyser klarare regler for dømning av rasane blæsete og brokete, blant anna på rasepreg.

Hallvard Veen sa han hadde spurt om han skulle vera med, men hadde fått til svar at vereringen pleidde å stilla opp. Skal gjera det betre til neste år!

Elles er bøndene blitt flinke til å ta ut dyr, så lam som blir vraka er kraftig redusert. Kanskje litt vrak på ull og testikkel. Av kåra dyr er NKS suverent på topp, deretter spæl. Dette året var det berre 2 dommarar og den eine er PC-dommar. Kåringsavgifta er heva til 100 kr.

Leif Matnisdal har rekna ut at utgiftene til kåring i Rogaland dette året er 182.289,-.Inntektene er kr. 153.100,-, medrekna her er kr. 36.000,- frå regionsutval (tilskott). Utgiftene pr. kåra dyr var kr. 155,- utan tilskott. Per Johan meiner at heimekåring vert dyrare enn kåringssjå fordi heimekåring krev fleire dommarar.

Kjøttkåring ved Karluf Håkull.

På Karmøy, som er hardt ramma av skrape og fotråte, var det lite kåring. 94 lam er kjøttkåra i Rogaland. 6 lam vart vraka. Årsaka til vraking gjekk stort sett på at vêrlammet hadde berre ein testikkel. Karluf hadde ikkje vore med på kåringane ute i distriktet, men hadde lagt

opplysningane inn i webprogrammet. Han var imponert over kor godt webprogrammet fungerte.

Tankar om kåring

Bjørn Høyland, leiar i avlsrådet for sau, innleia med å sei at hensikta med diskusjonen var at han ville få innspel frå medlemmane korleis dei ynskjer kåringa i framtida. Kva er fornuftig framover? Kåringssjå slik dei var før fotråde og blåtunge er uaktuelt. Vil de ta utgiftene med heimekåring? Restriksjonane i forbindelse med blåtungeutbrotet er foreløpig på 3 år, så me må ikkje tru at miljøet er det same om 4 år. Det må me heile tida gjera noko for.

Thor Blichfeldt, avls- og seminsjef, stilte spørsmålet:

Kvifor driv me med kåring? Det positive med kåring:

Kåring er et avlstiltak.

- Avlsmessig framgang. dei beste verene inn i veraringen. (Finne de gode dyra mht ull, eksteriør og bein.) Det er kun ved kåring at ull vert bedømt. Gode bein er viktig for å få funksjonelle dyr.
- Kvalitetssikring av lam for sal (Ikkje feil og lyter, brukbar indeks.)
- Kåringsnummeret som ID-nr for avlsverer.

Kåringssjå som miljøtiltak

- For saueholderne og publikum ellers.
- Ta vare på tradisjonane. (fast årleg aktivitet i lokallag eller ring)

Kvifor bør vi ikkje drive med kåring? Negative konsekvensar ved kåring:

Fare for smittespredning

- Sjukdommane. (Kjente og ukjente.)
- Kostnadene

Heimekåring er berekna til ca. 2 mill. i heile landet.

Kåringssjå er berekna til rundt halvparten.

Dette året har NSG bevilga kr. 250.000,- i tilskot.

Neste år er det budsjettert med kr. 0,- i tilskot frå NSG.

Thor viser til at Mattilsynet v/ Kristina Landsverk meiner næringa må redusera faren for smittespredning. Fellesbeite, avlsarbeid (kåring, veraringer) og kjøp og sal utgjør her den største risiko.

Bjørn var tydelig på at fellesbeite ikkje måtte ”rørast”. Dette er alt for viktig for næringa. For å imøtekoma Mattilsynet kan vi prøva å gjera noko med kåringane.

Tilhøyrarane hadde ulikt syn på kva som måtte gjerast med kåringane. Nokon var redde for å missa dette miljøet og ynskte at kåringssjå skulle foregå som før.

Andre var mest opptekne av å spreia den avlsmessige framgangen ut til bruksbesetningane, og meinte kåringssjåa var nødvendige for å klara dette. Ola Jordebrekk viste til at i Suldal hadde dei hatt kåringssjåa i ein industrihall med avskilte gardar og minimalt eller ingen smittefare. Spørsmålet vart korleis kåringane skulle foregå i framtida. Guttorm Gudmestad sa at folk ønskjer kåring, men han trudde tida med kåringssjå var forbi og at diskusjonen var heimekåring eller ikkje kåring. Er næringa da villig til å ta utgiftene med heimekåring?

Hallgeir Rønnevik meinte at det ikkje kunne vera noko problem å auka kåringsavgifta til 200 kr. Dette kunne tas inn att ved sal.

Trygve Ravndal reagerte på at avlssjefen la meir vekt funksjonelle dyr enn på eksteriøret. Han meinte det var viktig med eksteriør og ville ikkje ha ein ver med høg indeks viss den ikkje var fin. Han sa elles at seminkatalogen ser begredelig ut når det gjeld eksteriør. Bjørn sa at det vart ikkje pynta på verene. Døtrene til oksane i oksekatalogen kunne verta "style" ein heil dag for å få til eit godt bilete.

Fleire i salen kommenterte viktigheita av å vera med i sauekontrollen for å ha oversikt og fokus på eigen produksjon. Spesielt var det viktig å få med dei unge.

Laurdag 17.10.09

Dagen startar med avstemming. Per Johan spurte kor mange veraringer som ville prøva eit år og ikkje kåra vêrlamma.

7 av 10 veraringer kunne tenkja seg å prøva å ikkje kåra.

Thor tok så avstemming på kor mange som ønskjer kåringssjå på gamlemåten og kor mange som ynskjer heimekåring.

15 stk stemte for kåringssjå og 15 stk stemte for heimekåring.

Diskusjonen gjekk så på korleis saueproduksjonen vil foregå om 15 år, antall og størrelse på besetningane.

Dei fleste meinte at sauetalet kom til å vera stabilt, men færre og større besetningar. Dei trudde og at det ville verta meir beiting på innmark. Dette vil auka problema med innvollssnyltarar.

Er samdrift framtida i sauehaldet? Georg Fredrik Ueland trudde at samdrift på sau er framtida. Dei fleste i salen gav uttrykk for at ein måtte ikkje koma i same situasjonen som i storfehaldet, der ein person tek seg av arbeidet på garden og dei andre i samdrifta går på anna arbeid.

Thor viste til ein sauebonde i England som hadde 1000 sauer. Han arbeidde ein halv time pr. sau pr. år. Alt foregjekk ute utan hus. Ein viktig del av arbeidet var å plukka daude dyr i lamminga.

Dette vil me ikkje ha i Noreg. Ikkje noko spennande å gå å samla daude dyr.

Elles meinte Thor at framtida var ein lettstelt sau der ein person omtrent kunne stella 300 sau aleine.

Avl. v/Thor Blichfeldt

- Avl er ein menneskeskapt endring av populasjonens egenskaper.
- Endre frekvensen av de ulike variantane innan et gen. (Ikkje skape nye genar eller nye variantar av genene, men utnytte den variasjonen som finnes i populasjonen.
- Berekraftig avl. (Endre frekvensane utan at noen variant av genene tapes fullstendig. Bidra til god helse og god dyrevelferd.)

Kva for egenskaper hos sau skal prioriterast i framtida?

Indeksegenskaper:

- Slaktevekt (tilvekst) HøstvektHaustvekt. Slaktevekt.
- Kjøtt. Slakteklasse
- Fett. Fettgruppe
- Morsevne. Vårvekt (1-2 mnd). Slaktevekt (4-5-6 mnd.)
- Lammetal Totalfødde

De andre egenskapene.

- Ull. Kvalitet ved kåring. Mengde ved kåring.
- Eksteriør. Kåring/ utval værar. Egen besetning /søyer.
- Bruksegenskaper søyer. Lammingsvansker. Jurbetennelse. ? ?.

I ringbesetningane har **avlsframgangen** på norsk kvit sau dei siste 10 åra vore på:

- Slaktevekt. 2,1 kg, og er nå (2009) 20,1 kg
- Lammetal haust. 0,1 lam og er nå 1,7 lam
- Kg kjøtt pr. søye. 5,4 kg, og er nå 34,2 kg.
- Slakteklasse (6=O+) 1,1, og er nå 7,1

Dekningsbidraget pr. søye har på desse 10 åra auka med 200 kr. (indeksregulert til 2009 kr.)

Dette til tross for at lamma er yngre og yngre når dei vert slakta. Georg Fredrik meinte at det hadde stor betydning for kjøttkvaliteten at lamma hadde god tilvekst og kunne slaktast tidleg.

Det vart diskusjon angående vårvekt. Kor pålitelig er morsevne vår, når ikkje alle registrerer vårvekt? Ved manglande registreringar vart det gjort det beste ut av dei registreringane som fins. Kor stor del av tilveksten som skuldast moras morsevne og kor stor del skuldast lammets egen tilvekstevne? Thor sa at dette er veldig vanskeleg, og vil ta alt for lang tid å forklare.

Trenden dei siste 10 åra er at slakteklasse har gått kraftig opp og fettgruppe ned. Ei søye som har gode egenskaper på kjøtt, har som regel dårlegare morsevne. Innvendig fett er viktig for å mjølka godt. Berit Pettersen lurte på om vi avla bort for mykje fett. Thor minna om at det er kjøttet, ikkje fett, forbrukaren vil betala for. Vi er på jakt etter dei dyra som er kjøttfulle og

mjølker godt. Rask tilvekst og høg avdrått er dei egenskapene hos dyra som vil gje bøndene best økonomi.

Skal vi kunne gjera noko med bruksegenskaper som lammingsvansker, jurbetennelse og liknande, er det heilt nødvendig at dette vert registrert gjennom sauekontrollen. Får ein gjort noko med dette, får ein meir holdbar sau.

I Noreg er vi verdensledande innan avl på sau, i alle fall på NKS. Vi avlar på genotypen (genar ein sau bærer på), ikkje på fenotypen (kva som kjem til uttrykk). Vi har forstått at ein tvilling kan vera mindre enn ein einstaka.

Det vart så diskutert veraindeksar. Ein toppver kan dala 5-10 poeng til neste sesong. Dette kan vera frustrerende både for dei som inseminerer og for bruksbesetningane som kjøper indeksverer. Svaret på

dette var at ein starta avlssesongen med å ”skrive ned” indeksane på alle dyr med 5 poeng. Dette tilsvarer avlsframgangen vi nå har pr. år. Har vêren same indeks som i fjor, har den i realiteten styrka seg med 5 poeng.

Bjørn spurte så forsamlinga om dette systemet var greitt, eller om det burde forandrast. Det var enighet om at systemet var greitt når ein visste kvifor ein ver ”dalte” i indeks.

Det er tradisjon for avkomstgranskning i veraringer i Noreg. På grunn av sjukdomsutbrudd i den seinare tid er det nå anledning for større besetningar å granske i egen flokk.

Leif Matnisdal tok opp ei sak der leiaren av avlsrådet hadde lova ei avlsbesetning som skulle granska i egen flokk, å setja inn 4 søner etter kvar seminvær i besetningen. Dette er feil. Enkel besetning som vil granska værar, vil vera ein del av veraringen og antall værar må fordelast deretter.

Prima Jæren

Odd Jan Håland fra Prima takka for at han fekk koma og sa det var en milepæl for Prima å koma inn i RSG.

Prima blei etablert i Stokkelandsmarka i 1994 og har vokst fra 50 mill. i omsetning i 1999 til 650 mill. i 2008. Dei har nå ca. 90 ansatte. I 2007 vart nytt slakteri med en kapasitet på 12.000 tonn opna i Kviamarka. I 2009 gjekk Prima” i butikk” for første gong, og har nå inngått avtale med Norgesgruppen. Odd Jan sa at det var interessant å koma i butikk, og at det er viktig å få fram den varen kunden vil ha.

Han avslutta med at deira bidrag til RSG sitt jubileumsår var å støtta turen til Wales.

Deretter svara Odd Jan og Georg Fredrik på spørsmål fra salen. Varer kjøpte dei inn fra Nortura og Island. På spørsmål kva Prima kunne tilby produsentane når det gjaldt sauekontroll og lignende svarte Odd Jan at dei ikkje skulle mangla noko. Det me ikkje kan tilby, leier me inn. Slakt tek me fra alle, ikkje berre store besetninger.

Ole Jonny overrekte kvar si T-skjorte til Odd Jan og Georg Fredrik og gav så ordet til Fiskå mølle.

Fiskå mølle.

Leif Kåre Gjerde fra Fiskå Mølle takka for at han fekk koma.

Kraftforbedriftene i Fiskå produserer 170.000 tonn og leverer fra Østfold i sør til Finnmark i nord. Dei har rundt 14 prosent markedsandel.

Sauefor haust var aktuelt til dei søyene som skal parast. Sauefor vår var det rette kraftforet å gå over til ca. 6 veker før lamming. I tillegg kunne dei tilby Denkamilk til lamma. På grunn av råvareprisen, hadde det vore kraftig prisauke på kraftfor dei siste 2 åra.

Fiskå hadde kort leveringstid på kraftfor og leverte stort sett same dagen dei fekk inn bestilling, eller dagen etter.

Ole Jonny overrekte så RSG si T-skjorte til Leif Kåre.

Lokallagets time.

Lokallaga skulle sei noko om kva dei dreiv med. Ole Jonny hadde sett opp 4 punkter.

- Kva jobber vi med
- Kva for aktiviteter har vi for medlemmane
- Korleis skaffer vi pengar
- Kva forventer vi av fylkeslaget

Det som gjekk igjen var at lokallaga betalte ut skotpremie på rev, men beløpa varierte fra 200 til 500 kr. Mange lag har møte med grilling og arrangerer turer, men det går igjen at det er vanskeleg å samla folk. Enkelte lag har hatt studiering der temaet var kompetansebevis. Andre "ting" var organisering av fostertelling og beitelag. Nokre lag var med å arrangerte "Åpen gard" og sauekafe.

I Nedstrand hadde dei arrangert fylkesmesterskap i bruk av gjeterhund. I Ølen hadde dei arrangert NM i saueklipping.

Forutan medlemskontingent skaffer laga inntekter ved ullinnsamling og salg av gjerdemateriell. Sør-Jæren arrangerer sauebingo

Det gjekk igjen at lokallaga tykte fylkeslaget gjorde ein god jobb. Ellers forventa dei at styremedlemmane stilte på årsmøtet i lokallaga. Rovdyrproblematikken var viktig å jobba vidare med. Andre saker som vart nevnt, var forskjellen i utbetaling av skotpremie på rev, ta tak i eksplosjonen i villsauproduksjonen og leggja press på slakteria for at sauekontrollen skal fungera godt.

Fagmiljø og tjenester i saueholdet.

Paneldebatt med Nortura ved Karluf Håkull, Fatland ved Berit Pettersen, Prima ved Odd Jan Håland, Avlsrådet ved Bjørn Høyland og NSG ved Ove Ommundsen.

Karluf åpna med å sei at Nortura nedbemanner og har sagt opp fleire ansatte i sauekontrollen. På tross av dette er det viktig for Nortura at sauekontrollen fungerer, sjølv om enkelte medlemmer vil få ein annan rådgivar.

Linjeklipp vart så tema. Dette vart prøvt i Sandeid i haust med godt resultat. Det positive er lite stress blant dyra, rolig miljø og lågare kostnader. Det som imidlertid bekymrer dersom linjeklipp vert vanlig i slakteria, er om det vert vanskeleg å få fatt i klyppere som kan klyppa på gardane. Trygve Ravndal lurte på om det fremdeles ville verta arrangert klyppekurs på slakteria. Svaret på det var ja.

Eit anna tema som engasjerte deltakarane var puljetillegg ved levering av heile lass til slakt. Smittemessig er det blitt eit problem at dyr fra fleire besetninger vert samla i eit fjos, for å oppnå maks puljetillegg. Ifølge Mattilsynet er dette heilt ulovlig og må ikkje forekoma. Berit sa klart fra at tida med å samla dyra i eit fjos var forbi. Dette er det klare regler for. Ein måte å gjera dette på er at slaktebilen kjem til avtalt oppsamlingsplass og bøndene kjem dit med kvar sine dyr. Karluf meinte at det er slik det fungerer dei fleste plasser.

Prima hadde sin måte å gjera det på. Dersom fleire naboar i ei bygd samordna innmeldinga slik at det blei fullt lass, henta Prima dyra på kvar enkelt gard og betalte ut puljetillegg.

Det vart fra salen kommentert at puljetillegg kunne føra til at lam som ikkje var slaktemodne vart slakta. Dette ville føra til dårlegare kvalitet.

Når kvalitet var tema, vart det diskutert tidspunkt for slakt av verlam. Gris vert kastret, men det vert ikkje verlam. For å unngå smaksfeil meinte Georg Fredrik fra Prima at slakteria burde sett ein dato, og viss verlamma var over ei fastsett vekt, burde slakteklassen gå ned.

Prosjektet ”Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland” som Fylkesmannen har sett i gang, er blitt positivt mottatt. Faren er at dette kan føra til overproduksjon.

Forhåpentlegvis kan dette også føra til fleire medlemmer i sauekontrollen.

Bjørn sa at som avlsbesetning er han godt fornøyd med sauekontrollen, og eit verktøy for veraringane som er fantastisk. Han etterlyste imidlertid klare mål for produksjonen som for eksempel 2 x 20 i 20. Dette er kanskje noko for RSG å arbeida for?

I fjor vart produksjonen av villsau dobla i Rogaland. Dette er ein trend som er negativ. Villsauen var meint å utnytta dei ressursane som ein vanleg sau ikkje kan utnytta.

Ove minna om at halvparten av inntektene på sau kjem fra tilskudd. Sauenæringa har derfor eit ansvar når det gjeld gjengroing.

Det vart ein kort diskusjon om ros-analysen, og kva nytte ein kan ha av å oppretta faggrupper. Karluf avslutta med å sei at Nortura låg klart på topp når det gjaldt klassifisering, kjøttfylde og fett.

Avl.

Hvordan få enda større framgang? Dele i 2 linjer. *Morlinje og farlinje.*

Dette temaet var for dei mest interesserte og fleire av deltakerne ”tok kveld”.

Med dette opplegget legg ein vekt på tilvekst slakt, fett og kjøtt. Thor meinte at ein på 10 år kunne oppnå 2 kg ekstra på slaktevekt. Aktuelle raser er NKS, Nor-X, Charollais og texel.

Nokon meinte det var lite å henta på tilvekst på dei andre rasane i forhold til NKS. Ei utfordring her kan vera fristelsen å ”leggja” eit stort fint lam.

Avlssjefen såg svært lyst på framtida innan avl på sau.

60-års feiring RSG

I februar var det 60 år sidan RSG vart stifta. Dette var feira med festmiddag med lam på menyen etter leiarmøtet.

Pål Magnor Kvammen var konferansier denne kvelden, og fekk fort fram latteren blant festdeltakarane.

Leiar i RSG, Ole Jonny Espevold ynskte velkommen til festen og heldt festtale. Nestleiar i RSG, Øyvind Bergøy kåserte om minner fra miljøet rundt RSG opp gjennom åra.

Berit Pettersen fra Fatland gratulerte med dagen og overrakte blomsteroppsats. Karluf Håkull fra Nortura gratulerte også og overrakte ei gravert bjelle.

Olav Furenes fra Sandnes Sau og Geit gratulerte med dagen og overrekte blomsteroppsats. På vegne av Helleland-, Egersund- og Lund Sau og Geit gratulerte Harald Sleveland RSG med dagen og overrakte ein blomsteroppsats. Rogaland Bondelag ved Arna Høyland overrakte også blomsteroppsats og Vest-Agder Sau og Geit ved Sven Haughom overrakte Snartemo sverd (brevåpner).

Ellers var det helsing fra Ove Ommundsen (NSG), Geir Nilsen (Time Sau og Geit) og Hallvard Veen (Bjerkreim Sau og Geit).

Dei tidlegare leiarane i RSG, som var på festen, Knut R. Thunheim, Hermund Lende, Karluf Håkull, Arnold Helland, Ove Ommundsen, Sigmund Skjæveland og noverande leiar Ole Jonny Espevold var framme og mottok applaus fra forsamlinga.

[Tilbake](#)